

Standard for undervisning på Øystre Slidre ungdomsskule:

Planlegging av undervisninga

- Vi har tilpassa opplæring, variert undervisning og læringsstrategiar som viktige prinsipp når vi planlegg.
- Der det er fleire lærarar involvert i undervisninga, planlegg vi undervisninga saman og klargjer kven som har ansvar for kva for etterarbeid.
- Ved planlagt fråver skal faglærar ha klart opplegg for vikaren.

Ved oppstart av timen

- Vi har gjort alt utstyr og materiell klart før timen startar.
- Vi møter presis. Læraren står i døra, helsar på kvar enkelt og observerer det som skjer på gangen og i klasserommet.
- Vi prioriterer klassen framfor enkeltelevar.
- Vi etablerer ro i klasserommet.
- Vi klargjer læringsmåla og presenterer plan for timen.
- Vi stiller tydelege arbeidskrav til elevane.
- Vi aktiverer forkunnskap og knyttar an til førre time.

Gjennomføring av timen

- Vi har overblikk, viser at vi veit kva som foregår i klassen og opprettheld arbeidsro.
- Vi forlet som hovudregel, ikkje klasserommet i løpet av timen.
- Vi oppmuntrar elevane og gjev positive tilbakemeldingar på det faglege.
- Vi har tydelege overgangar mellom læringsaktivitetane i undervisningsøkta.
- Vi ser alle elevane i løpet av timen.

Avslutning av timen

- Vi byrjer avslutninga av timen fem minutt før det ringer.
- Vi hentar fram att måla for timen og oppsummerer det vi har lært.
- Vi gjev elevane tid til å rydde bort bøker og leite fram utstyr til neste time.
- Vi gjev elevane eit tydeleg signal om når dei kan gå.
- Vi følger klassa heilt ut og skriv eventuelle merknadar.